

Regulering av Instebotnvatnet - Sesselva kraftverk

Tilbakemelding på høyringsuttalar frå søkjar Sesskraft AS

28.09.2018

Bystøl AS/Agnar Fosse

## **Innhald:**

- 1. Generelt**
- 2. Kommentar til kvar høyringsuttale**

### **1. Generelt**

Søknad om konsesjon etter vassressurlova om å regulere Instebotnvatnet, oppstraums inntaket for Sesselva kraftverk, i Tresfjorden - Vestnes kommune, har vore ute på offentleg høyring. NVE har motteke 12 høyringsuttalar til søknaden og oversendt desse til søkjar, Sesskraft AS, for kommentar. Høyringsuttalane har vore gjennomgått av Bystøl AS, som tidlegare har utarbeidd søknaden om reguleringa på oppdrag for søkjar.

Ein del av høyringsuttalane er lite grunngjevne og har eit stort innslag av kjenslemessig tilhøve til tiltaksområdet. Vi har valt å ikkje kommentere desse.

**2. Kommentrar til kvar høyringsuttale.**

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
1.	Vestnes kommune	<p>Vestnes kommune v/planutvalet rår frå at det vert gjeve løyve til regulering av Instebotnvatent.</p> <p>Vedtaket er grunngeve med «<i>vekt på allmenne verdiar som friluftsliv, landskap og samla belastninga for vassdraga i kommunen. Dei samla fordelane ved tiltaket er vesentleg mindre enn skadene og ulempa for allmenta sine interesser</i>».</p> <p>For tema <u>friluftsliv og landskap</u> meiner sakshandsamar at inngrepet vil medføre at friluftslivet og allmenta sine interesser blir sterkt råka. (vurdert som middels/lite negativt av søkjar)</p> <p>For tema <u>biologisk mangfald</u> er sakshandsamar samd med søkjar om at tiltaket vil ha <i>liten verknad</i>.</p> <p>For <u>fiskebestanden</u> meiner sakshandsamar at ei regulering av vatnet på sikt vil vere negativt (for gyteforhold og næringstilgang)</p> <p>I saksutgreiinga står det (om <u>minstevassføring</u> på 270 l/s ved inntaket i Hoemselva) «<i>At ei oppdemming av Instebotnvatnet skal sjåast som fordelaktig for å oppfylle eksisterande konsesjonsvilkår, er eit argument som ikkje gjer seg gjeldande</i>».</p>	<p>Når det gjeld verdien av landskapet så er søkjar einig i at Instebotnvatnet ligg i eit storslagent og verdifullt fjellandskap. Verknaden av tiltaket vil først og fremst vere knytt til anleggsfasen. Denne vil gå over ein sesong. I driftsfasen meiner vi framleis at verknaden av tiltaket er middels/lite negativt. Vi meiner sakshandsamaren har innteke ein svært kritisk synsstad når konklusjonen hans er at friluftslivet og allmenta sine interesser vert sterkt råka. Trass alt vil vasstanden i Instebotnvatnet, også etter ei regulering, naturleg nok liggje på HRV i heile snøsmelteperioden – som varer langt fram på sommaren. For å imøtekome friluftinteressene kan det vere eit moment å redusere nedtapping av vatnet til kote 727 i tursesongen, perioden 1. juni til 31. august. Ein slik restriksjon vil ha moderat verknad for produksjonen.</p> <p>Tilhøva for fiskebestanden er vurdert i søknaden (i rapport for Biologisk mangfald). Konklusjonen derifrå er at gytetilhøva vert lite påverka av ei eventuell regulering. Vi kan ikkje sjå at saksutgreiinga frå kommunen er underbygd/dokumentert slik at konklusjonen vert annleis.</p> <p>Ved ei regulering vil ein samle vatn når avrenninga er stor og sleppe vatn når det er mindre tilsig. Når minstevassføringa i inntaket i Hoemselva er 2*5-persentil vassføring (270 l/s), vil det i periodar renne ut naturleg vassføring frå inntaket – altså mindre enn 270 l/s. I søknaden har vi påpeikt at ved ei regulering vert det jamnare tilsig til inntaket i Hoemselva og at periodane med mindre</p>

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
		<p>Om <u>verknaden for setjefiskanlegget</u> nedstrums kraftstasjonen og <u>vassforsyning</u> skriv sakshandsamar «Å setje fram at ei oppdemming m.v. av Instebotnvatnet skal vere eit moment som er positivt for desse som følgje av at dagens drift i kraftverket er uheldig, finn adm.sjefen urimeleg»</p> <p>Som konklusjon seier sakshandsamar at «Etter ei heilskapleg vurdering, finn ein at fordelane ved tiltaket er vesentleg mindre enn skadane og ulempa for allmentas interesser.»</p>	<p>enn 270 l/s vert kortare. Dette er eit faktum som sakshandsamaren ikkje har forstått eller valt å sjå bort ifrå.</p> <p>Oppdemming av Instebotnvatnet vil fordele vatnet i tid ved inntaket i Hoemselva. Ein samlar vatn i periodar med høgt tilsig og slepper det ut ved lite tilsig. Såleis vert det ei jamnare vassføring nedstraums stasjonen. I søknaden vert det trekt fram som positivt for vassuttaka for setjefisk og vassforsyning. Sakshandsamaren hevdar desse momenta er «uheldige» og finn dei «urimelege». Vi forstår ikkje kvifor momenta skulle vere uheldige eller urimelege.</p> <p>Ikkje uventa vert sakshandsamaren sin konklusjon at fordelane ved tiltaket er vesentleg mindre enn skadane og ulempene for allmenne interesser. Men det som er halde fram som fordeler ved tiltaket kan vi ikkje sjå er lagt vekt på. Før endeleg avgjerd har Planutvalet fått ei framstilling av søknaden og verknadene ved tiltaket der dei negative verknadene er tillagt stor vekt og dei positive verknadene er ignorert/ikkje vektlagt.</p>
2.	Forum for natur og friluftsliv M&R (FNF)	<p>FNF er rår frå ei regulering av Instebotnvatnet – «Ut frå <i>landskapsomsyn, friluftslivsinteressene, biologisk mangfald og ei samla vurdering av konsekvensane av ei kraftutbygging, rår vi til at Sesselva kraftverk ikkje får utvida konsesjonen sin til å demme opp Instebotnvatnet.</i>»</p> <p><i>FNF påpeikar at biologirapporten var skriven like etter at bygging av Sesselva kraftverk sto ferdig og at søknaden om regulering av Instebotnvatnet burde ha vore handsama samtidig med søknaden om kraftverket.</i></p>	<p>FNF har i ei omfattande høyringsuttale konkludert med at dei rår ifrå at det vert gjeve løyve til å regulere Instebotnvatnet. Dei viktigaste momenta dei byggjer det på er kommentert nedafor. Ein del udokumenterte påstandar og synspunkt er ikkje kommentert. Dei kjem også med påstandar om avvik i samband med bygging og drift av Sesselva kraftverk. Desse påstandane er heller ikkje kommentert.</p> <p>Då søknaden om Sesselva kraftverk vart sendt til NVE, og seinare handsama, var det ikkje planar om reguleringar i vassdraget. <b>Regulering av vatnet vart vurdert seinare, ikkje minst etter at NVE oppmoda om å vurdere reguleringar som kan auke produksjonen i eksisterande kraftverk.</b></p>

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
		<p><i>FNF skriv «det står fleire stader at føremålet med reguleringa av Instebotnvatnet er å sikre minstevassføringa».</i></p> <p><i>FNF hevdar at « gytinga foregår hovudsakleg i utløpsbekken. Oppdemming i utløpet som gitt i søknaden vil difor få store konsekvensar for aurebestanden i Instebotnvatnet»</i></p> <p><i>FNF skriv «I dei seinare åra har det vorte meir fokus på fossesprøytoner og bekkekløfter. Sjølv små endringar i vassføring kan resultere i at artane forsvinn.»</i></p> <p><i>FNF skriv «Vi er blitt fortalt at det er lom som hekkar ved Instebotnvatnet. Vidare er vi fortalt at den gamle registreringa av rovfugllokalitet er knytt til ein så sårbar art».</i></p> <p><i>FNF etterlyser omtale av friluftsliv. («Vi leiter for å finne noko om friluftinteressene i søknaden. Mangel på dette finn vi rart knytt til vårt samfunns auka fokus på folkehelse og friluftsliv»).</i></p> <p><i>FNF har skrivne eit eige avsnitt om kor viktig Liafossen er for landskapsopplevinga i området.</i></p>	<p>Dette stemmer ikkje. Under pkt. 1.2 Grunngeving for tiltaket, er det oppgitt at grunngeving for søknaden er auka kraftproduksjon og at ei oppdemming vil føre til færre start-stopp ved anlegget.</p> <p>Dette er direkte feil. Gyting skjer i bekkar med innløp til vatnet og er kommentert i søknaden. Ei regulering er konkludert med å ha liten negativ verknad for gytinga.</p> <p>Det er ingen fossesprøytoner eller bekkekløfter som i området mellom Instebotnvatnet og Inntaket i Hoemselva. Ei redusert vassføring i periodar med stort tilsig og tilsvarande slepp av vatn i periodar med mindre tilsig, er av biologen vurdert å ha liten eller ingen verknad for vasstilknytt plante- og dyreliv.</p> <p>Fugl er omtalt i søknaden. Det er ikkje registrert sjeldne eller truga artar. Regulering av vatnet er ikkje venta å ha negative verknader for fuglelivet i området.</p> <p>Friluftsliv er omtalt under pkt. 3.9.</p> <p>Tilhøva for Liafossen var viktig i samband konsesjonshandsaminga av Sesselva kraftverk. Det vart m.a. fastsett ei minstevassføring på 270 l/s (2*5-percentil) om sommaren.</p>
3.	Grunneigar Uren mfl. (grunneigarane på gardane Jemtegård,	Grunneigarane meiner tiltaket er lite effektivt sett i høve til dei inngrepa ei regulering vil føre med seg. Sitat: «I utgangspunktet går difor grunneigarane inn for at prosjektet ikkje vert gjennomført»	Grunneigarane rår frå ei regulering, men har gjeve konstruktive innspel til aktuelle vilkår dersom det vert gitt løyve.

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
	Hoem og Fagervik)	<p>Kommentar til reguleringshøgder: <i>Dersom konsesjon skulle bli gjeven, ber vi om at reguleringsnivået på 2 meter blir vurdert redusert for å gjere såra i naturen mindre. Vi ser det som særleg viktig at reguleringsintervallet i månadene juni, juli og august blir sett til maksimalt 1 meter. Dette vil redusere dei negative verknadene av tørrlegging visuelt sett.</i></p> <p>Eventuelle negative verknader for fisk: <i>«Dersom reguleringa fører til at fiskebestanden blir redusert eller døyr ut, må Sesskraft A/S sørge for at det blir etablert ny bestand i vatnet etter ei fagleg vurdering. Dette må og gjelde ved eventuelle negative verknader i Urvatnet.</i></p> <p>Fugl: Grunneigarane har opplysingar om observasjonar av fugl i området.</p> <p>Omsyn til beitedyr – viktig at, dersom prosjektet vert realisert, det blir etablert eit trygt kryssingspunkt for dyr (og folk) nedstraums dammen.</p> <p>Utforming av dam og lukehus: <i>Grunneigarane ser det som viktig at arbeidet blir utført slik at dammen fell mest mogeleg naturleg inn i terrenget både når det gjeld utforming og farge. På same måte er det viktig at lukehuset blir plassert så skånsomt som mogeleg i området og at dimensjonane på bygget, til dømes høgda, ikkje markerer seg meir enn naudsynt. Her vil også fargevalet vere viktig og vi ser det som naturleg at taket blir tekt med torv.</i></p>	<p>Ei redusert LRV i sommarmånadane vart trekt fram og drøfta under sluttsynfaringa. Dette vil gi relativt liten reduksjon i tilleggsproduksjonen som følgje av reguleringa, og vi vil difor akseptere at LRV vert sett til kote 727 i perioden 1. juni til 31. august.</p> <p>Søkjar seier seg samd i at eit slikt vilkår vert sett.</p> <p>Grunneigarane har god lokalkunnskap og observasjonane er med på å opplyse saka/søknaden. Vi ser likevel ikkje at dette endrar konklusjonen i søknaden (<i>Det er ikkje registrert sjeldne eller truga artar. Regulering av vatnet er ikkje venta å ha negative verknader for fuglelivet i området</i>)</p> <p>Søkjar støttar dette. Vi går ut ifrå at dette kan gjerast ved etablering av eit vad som er så breitt at vasstanden vert låg.</p> <p>Søkjar er einig i desse synspunkta. Dammen kan utførast i fargetilsett betong (mørk/koksgrå). Også lukehuset må få ei godt tilpassa utforming og gjerne torv på taket. Det vart også drøfta under sluttsynfaringa at lukehuset kunne byggast med eit utstikk slik at turgåarar vert tilbydd ein rasteplass under tak. Vi går ut ifrå at alle desse tilpassingane vert ein del av detaljplanen for eit eventuelt anlegg.</p>
4.	Brit Karen Vike (BKV)	BKV protesterer mot at det vert gitt løyve til regulering av Instebotnvatnet.	

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
		<p>BKV nyttar området til turgåing og fiske. Ho meiner «området sin urørte kvalitet som gjer det verdifullt», og at installasjonane med dam, lukehus og mast for signaloverføring vil øydelegge dette.</p> <p>BKV har otte for korleis det biologiske mangfaldet vert påverka, spesielt Fjellvåk, som ho har sett fleire gonger i området.</p> <p>BKV meiner tiltaket er negativt for sjeldne og truga moseartar, Snøotmose og Skovlemose.</p> <p><i>«Regulering av Instebotnvatnet vil ha innverknad på eit vassdrag som går frå fjell til fjord, berre for å kunne produsere kraft nok til 90 husstandar. Samtidig bygger ein ut straumforsyning til den nærliggande Sessetra og Daugstadsetra slik at vinninga går opp i spinninga».</i></p>	<p>Friluftsliv er omtalt i søknaden pkt. 3.9. Vi meiner framleis at tilhøva for turbruk og fiske vert lite påverka. Det er viktig at dammen og lukehuset får ei godt tilpassa utforming.</p> <p>Vi har ikkje ytterlegare kommentar enn det som går fram av søknaden. Tiltaket vil ha liten negativ verknad for fuglelivet i området.</p> <p>Med omsøkt regulering, heving av vasstanden med 0,5 m og senking med 1,5 m, meiner vi tilhøva for mosane er ivaretekne.</p> <p>I samband med bygging av Sesselva kraftverk har lokalt e-verk lagt 22 kV straum fram til inntaka i Hoemselva og Sesselva. Vi går ut ifrå at dette er gjort innafor e-verket sin områdekonsesjon. Tilleggsproduksjonen ved regulering av Instebotnvatnet er sjølvsgatt uavhengig av straumforbruk i området.</p>
5.	Einar Martin Vike og Marit Årseth Vike	<p>E.M og M.Å. Vike er imot tiltaket. <i>«Å ta til med inngrep i dette fjellområdet synes eg vil vere meiningslaust. Fjellområdet rund Instebotnvatnet, Trollvatnet, Måsvatnet og Urvatnet er eit lite, men verdifullt område i Vestnes kommune.»</i></p> <p>Dei seier det er observert Fjellvåk i området.</p> <p>Ei regulering av Instebotnvatnet ha negativ verknad for fiske i Urvatnet.</p>	<p>Dette punktet er knytt til verdien av området for tur/friluftsliv. Vi meiner tiltaket i driftsfase har liten til middels negativ verknad for tur/friluftsliv. Det vert her trekt fram Trollvatnet, Måsvatnet og Urvatnet i same vurdering. Desse vatna vert ikkje påverka av tiltaket.</p> <p>Det er i søknaden vist til at rovfuglartar er registrerte i tiltaksområdet utan at dette er spesifisert. Det er ikkje registrert spesielle eller trua artar (Fjellvåk er ikkje trua art og vert lite eller ikkje påverka av omsøkt tiltak.</p> <p>Urvatnet ligg nedstrøms Instebotnvatnet. Det er ikkje framført noko grunngeving for påstanden om at fiske i Urvatnet vert påverka, og vi kan vanskeleg sjå ein slik samanheng.</p>

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
		<p>Dei meiner samfunnsnyttan av at området får liggje urørt må vere mykje større enn tilleggsproduksjonen tiltaket gir.</p>	<p>Sidan det er søkt om ei regulering er søkjar implisitt av ei anna oppfatning.</p>
6.	Direktoratet for mineralforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> <li>- «DMF registrerer at inntaket til Sesselva kraftverk ligg innafor ein sand- og grusførekomst. Denne er av Noregs geologiske undersøking (NGU) registrert som lokalt viktig, og det er fleire stader innanfor førekomsten drevet uttak av masser.»</li> <li>- «Planlagde tiltak ser ikkje ut til å medføre ytterlegare beslaglegging av førekomsten enn det allereie eksisterande kraftverket. DMF har difor ingen merknader til søknaden om løyve til regulering»</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ingen kommentar.</li> </ul>
7.	Daugstad og Vike utmarkslag	<p>Utmarkslaget går inn for at prosjektet ikkje vert realisert. Dei ynskjer området bevart for rekreasjon og uforstyrra naturopplevingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Reguleringssona rundt vatnet vil verke skjemmande. Dam og signalmaster vil verke forstyrrende i naturbildet.</li> <li>- Påverka område er ikkje god nok undersøkt. Konsekvensane for fiskebestanden er ikkje godt nok utgreia.</li> <li>- Det blir stilt spørsmål om korleis måling av minstevassføring skal utførast.</li> <li>- Det blir stilt spørsmål om korleis Sesskraft AS vil utføre vedlikehald – transport av utstyr.</li> </ul>	<p>Påverka område er undersøkt av Bioreg AS, som har lang erfaring med kartlegging av biologisk mangfald i samband med m.a. vasskrafttiltak. Undersøkinga er utført slik vanleg praksis er i slike saker.</p> <p>Måling av mvf er planlagt utført og dokumentert i samsvar med NVE's retningslinjer.</p> <p>Det er vanskeleg å gi eit konkret svar på dette. Utgangspunktet er at tyngre utstyr må fraktast med Helikopter.</p>



Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er vist til at det i søknaden står at rypebestanden er låg – denne vil varierer frå år til år.</li>   <li>- Det er kommentert observasjon av storlom og smålom samt ei ugle – mest truleg ein hubro.</li>   <li>- Dersom det vert gitt konsesjon har Utmarkslaget synspunkt på vilkår som bør stillast: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Frakt av utstyr mest mogeleg med helikopter.</li> <li>▪ Anleggsarbeid leggjast til hausten – utafor hekkesesong.</li> <li>▪ At dam vert steinsett med naturstein</li> <li>▪ Muligheit for isfiske fell bort – usikker is ved regulering.</li> <li>▪ Lukehuset vert bygd med eit rom som er opent og som gir høve til overnatting for alle.</li> <li>▪ At Sesskraft er behjelpeleg med frakt av båt til Instebotnvatnet for kultivering av fisk.</li> <li>▪ God informasjon om tiltaket.</li> <li>▪ At Sesskraft er behjelpeleg med frakt av materialer til gapa-huk ved Urvatnet.</li> <li>▪ At Sesskraft vert pålagt ansvar for overvåking og tiltak for kultivering av fiskebestanden i Instebotnvatnet og Urvatnet.</li> </ul> </li> </ul>	<p>Ja – kommentaren i biologirapporten er nok knytt til tidspunktet (i fjor haust). Det viktigaste er at tiltaket ikkje er venta å ha negativ verknad for fuglelivet.</p> <p>Dette må sjåast på som supplerande opplysingar om fuglelivet i området. Det endrar ikkje konklusjonen om verknaden av tiltaket.</p> <p>Dersom det vert gitt konsesjon for tiltaket er Sesskraft positive til at det vert god informasjon til interessentar i området og så langt som råd imøtekjem ynskjer/krav om praktiske tiltak. Nokre av dei nemde punkta går vi ut ifrå vert eit vilkår ved evt. konsesjon (som helikopterfrakt og arbeid utanfor hekkesesongen). Andre forslag til vilkår (som for eksempel lukehus med overnattingsrom) vil måtte avklarast med NVE då omfanget vil vere noko ut over det som er nødvendig for prosjektet. Eit slikt «overnattingsrom» vil likevel kunne ha verdi som eit hms-tiltak.</p>
8.	M&R Fylkeskommune	<p>M&amp;R Fylkeskommune har, ut frå sitt ansvarsområde (kulturminne), ingen merknad til søknaden om konsesjon. Dei ber om å få tilsendt detaljerte kart og planteikningar tidleg i detaljplanleggingsfasen.</p>	Ingen kommentar.
9.	Naturvernforbundet i M&R	Naturvernforbundet er også representert ved Forum for natur og friluftsliv M&R (FNF).	

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
		<p>Det er ikkje gjort biologiske registreringar i elvestrekninga melom Instebotnvatnet og inntaket i Hoemselva.</p> <p>Ei regulering av Instebotnvatnet vil påverke vassføringa nedstraums kraftstasjonen. Dette er ikkje utgreia.</p>	<p>Dette var omtalt under sluttsynfaring. Problemstillinga er drøfta med Bioreg AS v/Finn Oldervik, og med ei regulering som omsøkt er det svært lite sannsynleg at biologiske verdiar vert negativt påverka.</p> <p>Vassføringa mellom Stasjonen og fjorden vert nokså moderat påverka. Nedbørfeltet som er omfatta av reguleringa utgjer ca 10% av nedbørfeltet ved inntakspunkta i Sesselva og Hoemselva. Flaumsituasjonen vert difor svært lite påverka. I lågvassperiodar vil ein typisk tappe frå vatnet, og vassføringa vert noko større enn naturleg. Det er difor grunn til å hevde at vassføringa mellom stasjonen og fjorden vert lite endra ved ei regulering og verknaden av dette er liten eller ingen for det biologiske mangfaldet.</p> <p>Øvrige moment i uttalen frå Naturvernforbundet er kommentert under tilsvarande kommentarar frå andre høyringspartar.</p>
10.	Kjell Arne Smisetfoss	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Med tanke på at utløpsoset i Innstebotnen er ganske grunt, og at utløpselva har lite fall de første omlag 100 meterene, vil inngrepet bli atskillig større enn vist på figur i konsejonssøknad. Dette pga. av at eksisterende bunn i vannet og utløpselven må senkes for å oppnå en nedtappingshøyde 1,5m. I dette området må det da bygges forstøtning eller det må legges i rør.</i></li> <li>- <i>Det er ikke undersøkt hvor langt ned det er til fast fjell, det er derfor usikkerhet rundt demningsforankring. Jordmassene ved den planlagte demningen består, som vi så av grus og sandmasser dårlig egnet til demningsforankring. Spunting kan da bli aktuelt til forankring, en metode som krever stort og tungt utstyr og gir større mulighet for terrengskader.</i></li> </ul>	<p>Det stemmer at botn i elva etter utløpet frå Instebotnvatnet er grunt, og at dette ikkje er synleggjort på illustrasjon som fylgjer søknaden. Elvebotn Må senkast 1,5 – 0 m (rekna frå dammen og nedover). Sannsynlegvis beste måten er å leggje eit røyr eit stykke (har ikkje oppmålte høgder slik at lengda kan talfestast) m og deretter senke elvebotn 0,6 – 0 m.</p> <p>Det er registrert fjell ved utløpet, så det er venta at heile eller deler av dammen vert fundamentert på fjell. Vasstetting og stabilitet for dammen vil bli utført i betong. Det er vurdert som usannsynleg at spunting vil vere verken nødvendig eller praktisk mogeleg å få til.</p>

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Urvatnet har et utløpsos med dybde på 70-100 cm ved normalvannstand, det er derfor meget sannynlig at det vil bli påvirket av en regulering av Instebotnen.</i></li>   <li>- <i>Det ble under sluttbefaringa argumentert at et regulert Innstebotn vil være en sikkrere reservevannkilde til Vestnes Vasseverk, omlag til 14 dager ved fulle magasin ifølge konsesjonssøknad. Dette forutsetter at det magasinerte vannet ikke er benyttet til kraftproduksjon, hovedformålet for utbyggingen.</i></li> </ul>	<p>Vi forstår ikkje heilt synspunktet. Urvatnet vil bli svært lite påverka av reguleringa. I den grad det vert påverka vert vasstanden litt lågare i periodar med høg vassføring (når ein held tilbake vatn i Instebotnvatnet) og tilsvarande vert vasstanden litt høgare i periodar med låg vassføring (når ein tappar frå Instebotnvatnet).</p> <p>Vi vil framleis hevde at ei oppdemming vil kunne auke vasstilførsla til kraftverket – og dermed vassverket – i tørkeperiodar (reduert flaumtap). Vassverket har vassuttak på innløpsrøyret <u>før</u> ventil og turbin.</p>
11.	Fylkesmannen i M & R	<p>Fylkesmannen vil sterk rå i frå i tillegg å regulere Instebotnvatn med bortføring av vatn frå elvedraga nedstrøms.</p> <p><i>FM-M&amp;R saknar utgreiing av vasslevande virvellause dyr som konkret grunnlag for uttale om denne delen av det biologiske mangfaldet.</i></p> <p>Fylkesmannen oppsummerer med at dei går imot søknaden og sluttar seg til kommunen si vurdering og konklusjon. Likeeins Naturvernforbundet i M&amp;R sin argumentasjon. Dei gjentek at dei «sterk rå i frå å regulere Instebotnvatn med bortføring av vatn frå elvedraga nedstrøms.»</p>	<p>Vi går ut ifrå at det skuldast ei misforståing eller skrivefeil – men må påpeike at vatn ikkje vert «bortført» frå elva nedstrøms.</p> <p>Det er elvestrekninga mellom Instebotnvatnet og Urvatnet der endring i vassføring vert merkbar. Mellom Urvatnet og inntaket i Hoemselva er det større tilsig frå bekkar og sideelv slik at vassføringa ver lite påverka av ei regulering. Mellom Instebotnvatnet og Urvatnet renn elva hovudsakleg på fjell og stein.</p> <p>Dersom her kan påreknast å finnast vasslevande virvellause dyr som vert negativt påverka av ei regulering er vi innstilt på å få gjennomført ei slik utgreiing.</p> <p>Vatn vert ikkje bortført frå elva nedstrøms dammen. Sjå kommentar over.</p>

Nr.	Høyringsuttale frå	Hovudmoment frå høyringspart	Kommentar frå søkjar
12.	Bergheim		Fråsegna er identisk med fråsegna frå Grunneigar Uren mfl. Sjå kommentar ovafor.

28.09.2018

For søkjar Sesskraft AS

Bystøl AS

Agnar Foss